

Nordsjøkommisjonen vart oppretta i 1989 som ein geografisk underkommisjon av Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR). Organisasjonen har i dag 31 medlemmar som representerer 8 land rundt Nordsjøen. Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne interesser, samarbeide og utvikle politikk. Arbeidet i NSC vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien blir operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene.

## **Rapportering frå Nordsjøkommisjonen (NSC) sine temagrupper**

**Gruppe:** Energy and Climate Change Group (ECCG)

Representantar frå Hordaland: Daniel Charles Hextall, politisk representant  
Karen Nybø, Regionalavdelinga, administrativ

### **Tid og stad**

Kristiansand 19.-21.april 2017.

Tilstades frå Hordaland: Karen Nybø

### **Hovudsaker**

Gode erfaringar frå Aust/Vest Agder vart presenterte, nokre lista opp som aktuelle for Hordaland. Energy and Climate Change-gruppa vil lage eit brosjyre om arbeidet med klimatilpassing i ulike regionar rundt Nordsjøen. Stoffet som kjem fram der er tenkt formidla av politikarar når dei møter EU-systemet eller på andre måtar skal formidle noko frå NSC, på ulike kanalar. Regionalavdelinga vil lage innspel frå Hordaland.

NSC vil lage eit «position paper» om [«Vinterpakken» frå EU](#) (forslag til regelverk frå Europakommisjonen med tittelen «Clean Energy for all Europeans»). NSC vil markere Nordsjøregionen som ein foregangsregion i Energy Union-tenkinga og peike på verdien av «subregionar».

Høyringsfråsegn frå HFK til norske mynde:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/dbf1aa58e57d4244b54013ccc9192bc2/hordaland-fylkeskommune.pdf>.

Councillor Tjisse Stelpstra frå Drenthe orienterte om CPMR sin task force for Climate. Fokus både på mitigation og adaptation. Gruppa hadde sitt første møte 31.03.2017. Pål Kårbø har sagt at han ønskjer å delta i gruppa, men var forhindra på første møte.

På årsmøtet for NSC i juni 2017 i Gøttingen skal Ninke Homan (NL) som er med i Energy and Climate Change-gruppa orientere frå NSC sin task force om Brexit (liknande arbeid skjer i Atlantic Arc)

### **Aktuelle saker for Hordaland (kva var viktig for Hfk)**

GCE NODE (Anne Grethe Ellingsen) og NCE Eyde (Lars P Mellbye) presenterte sine arbeid med omstilling. Node-bedriftene lagar livssyklusanalyser, Eyde-bedriftene har «Road map 2050 for prosessindustrien» og trekull til prosessar. Dei tenkjer sirkulær økonomi og oppgraderer før dei resirkulerer. Relevant for petroleumsbransjen og bedrifter i Hordaland som har store utslepp av klimagass. Air Products presenterte sitt utviklingsarbeid med CCS for Norcem-Brevik. Utstyret kan også nyttast til å fange CO2 frå metan/biogass.